



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8129 Dep,

0032 OSLO

Vår ref.
10/5559/011/EAM

Dykkar ref.

Dato:
25.08.2010

Høyring - endringar i vallova. Uttale frå Haram kommune

Haram valstyre har i møte 23.08.2010, sak 1/10 gjort følgjande vedtak:

Valstyret i Haram vil gi slik uttale til spørsmålet om listekandidatar bør utelukkast frå val til valstyre og røystestyre:

Haram kommune er ei kystkommune med om lag 8700 innbyggjarar og for tida 13 røystekrinsar. Kommunen har i all hovudsak utelukkande nytta listekandidatar og tidlegare politikarar som medlemmer i røystestyra til å stå føre avviklinga av vala i dei 13 røystekrinsane. Totalt 88 personar vert oppnemnd, og mange har vore med gjennom mange år.

Kommunen har ikkje hatt skriftlege klager på dette systemet og mykje verdfull kunnskap finst blant dei som er oppnemnde. Dei fleste medlemmene i valstyret som består av formannskapet sine medlemmer er listekandidatar. Valstyret sine medlemmer er ofte leiarar i røystestyra, og har eit betydeleg ansvar i samband med avvikling av val.

Haram kommune støtter departementet i at det ikkje bør gjerast avgrensingar når det gjeld kven som kan veljast til valstyra, og kommunen meiner at det heller ikkje på noverande tidspunkt bør gjerast endringar i lova som avgrensar listekandidatar sin moglegheit for å vere medlemmer i røystestyra og å tenestegjere som røystemottakarar/valfunksjonærar ute i røystelokala.

Dersom det likevel skulle kome ei lovendring vil kommunen be om at det vert ei form for overgangsordning som gir kommunane god nok tid til å få tak i nye personar og gi desse ei adekvat opplæring. Alt. at ei ev. lovendring ikkje bli gjeldande før ved stortingsvalet i 2013.

Framlegg frå Rådmannen:

Postadr.:
6270 Brattvåg

Telefon:
70 20 75 00

Telefaks:
70 20 75 01

Bankgiro:
4005.09.20242

E post:
postmottak@haram.kommune.no

Internett: www.haram.kommune.no

Valstyret i Haram vil gi slik uttale til spørsmålet om listekandidatar bør utelukkast frå val til valstyre og røystestyre:

Haram kommune er ei kystkommune med om lag 8700 innbyggjarar og for tida 13 røystekrinsar. Kommunen har i all hovudsak utelukkande nytta listekandidatar og tidlegare politikarar som medlemmer i røystestyra til å stå føre avviklinga av vala i dei 13 røystekrinsane. Totalt 88 personar vert oppnemnd, og mange har vore med gjennom mange år.

Kommunen har ikkje hatt skriftlege klager på dette systemet og mykje verdfull kunnskap finst blant dei som er oppnemnde. Dei fleste medlemmene i valstyret som består av formannskapet sine medlemmer er listekandidatar. Valstyret sine medlemmer er ofte leiarar i røystestyra, og har eit betydeleg ansvar i samband med avvikling av val.

Haram kommune støtter departementet i at det ikkje bør gjerast avgrensingar når det gjeld kven som kan veljast til valstyra, og kommunen meiner at det heller ikkje på noverande tidspunkt bør gjerast endringar i lova som avgrensar listekandidatar sin moglegheit for å vere medlemmer i røystestyra og å tenestegjere som røystemottakarar/valfunksjonærar ute i røystelokala.

Dersom det likevel skulle kome ei lovendring vil kommunen be om at det vert ei form for overgangsordning som gir kommunane god nok tid til å få tak i nye personar og gi desse ei adekvat opplæring. Alt. at ei ev. lovendring ikkje bli gjeldande før ved stortingsvalet i 2013.

Behandling i Valstyret den 23.08.2010:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VS-001/10 Vedtak:

Valstyret i Haram vil gi slik uttale til spørsmålet om listekandidatar bør utelukkast frå val til valstyre og røystestyre:

Haram kommune er ei kystkommune med om lag 8700 innbyggjarar og for tida 13 røystekrinsar. Kommunen har i all hovudsak utelukkande nytta listekandidatar og tidlegare politikarar som medlemmer i røystestyra til å stå føre avviklinga av vala i dei 13 røystekrinsane. Totalt 88 personar vert oppnemnd, og mange har vore med gjennom mange år.

Kommunen har ikkje hatt skriftlege klager på dette systemet og mykje verdfull kunnskap finst blant dei som er oppnemnde. Dei fleste medlemmene i valstyret som består av formannskapet sine medlemmer er listekandidatar. Valstyret sine medlemmer er ofte leiarar i røystestyra, og har eit betydeleg ansvar i samband med avvikling av val.

Haram kommune støtter departementet i at det ikkje bør gjerast avgrensingar når det gjeld kven som kan veljast til valstyra, og kommunen meiner at det heller ikkje på noverande tidspunkt bør gjerast endringar i lova som avgrensar listekandidatar sin moglegheit for å vere medlemmer i røystestyra og å tenestegjere som røystemottakarar/valfunksjonærar ute i røystelokala.

Dersom det likevel skulle kome ei lovending vil kommunen be om at det vert ei form for overgangsordning som gir kommunane god nok tid til å få tak i nye personar og gi desse ei adekvat opplæring. Alt. at ei ev. lovending ikkje bli gjeldande før ved stortingsvalet i 2013.

Dersom De ynskjer fleire opplysningar i saka, kan De ta kontakt med underteikna.

Med helsing



Elin A. Moen
seksjonsansvarleg

Interntlf. 70 20 75 32